



# Konferanserapportar

UFFD-forum 15.-16.mars 2024

Bjørnhild Eskeland Wesenberg

Ungt Forskerforum for Folkemusikk og -Dans (UFFD) møttes på Norges Musikkhøgskole i Oslo 15.-16.mars 2024. Forumet drives av masterstudenter, i samarbeid med Norsk Folkemusikklag og utdanningsinstitusjonene Norges Musikkhøgskole (Oslo), Universitetet i Sørøst-Norge (Rauland) og Ole Bull-Akademiet (Voss). Når forumet kaller seg «ungt», henspiller det seg på hvor langt man er kommet i sitt akademiske løp snarere enn deltagerens alder. Forumet er åpent for både bachelor, master og doktor-studenter, såvel som alle andre interesserte. Med dette ønsker UFFD å invitere bredt for å møtes i en felles interesse for forskning innen folkemusikk og -dans.

Helgens program dreide seg i hovedsak om å dele forskningsprosjekt. Prosjektene som ble presentert var i ulike prosessstadier, der noen prosjekt var ferdige og andre var i startfasen. Forskningstema var blant annet hardingfele-improvisasjon, trommeslåtter, slåttevarianter, samspillet mellom danser og felespiller, torader i samspill, og en interaktiv sang- og danseforestilling. Presentasjonsformen er åpen innenfor de gitte 20 minuttene. Vi fikk således et variert program som åpnet opp for fine samtaler.

Et tema som kom opp flere ganger, var hvordan forløpet i slåttemusikken beveger seg stadig videre og videre, i motiv etter motiv. Det ble drøftet rundt det å gjenta et motiv uten å variere selve motivet, noe som kan bryte med et ideal i en tradisjon. Fri improvisasjon inviterer til å bryte opp i dette, og roe ned impulser. Det ble også bemerket at når man gjentar eller tar seg tid i musikken kan man kjenne på frykten for at det skal opp-



*Foto: Åsmund Soldal*

leves kjedelig for publikum. Man kan lure på hvem eller hva som legger føringen for musiseringen.

Med en geografisk spredning fra Tromsø i nord til Esbjerg i sør, er vi glade for at folk kom langveis fra for å bli med på forumet.

Helgen ble avsluttet ute på pøbb med trivelig jam og god stemning.

Takk for årets forum! Vi ser fram til neste forum i 2025!

***Nordisk instrumentseminar, 8.–10. november 2023, Valdres Folkemuseum, Fagernes***

Sveinung Søyland Moen

Det årlege fagseminaret til Norsk folkemusikklag vart i 2023 erstatta med eit større samarbeid om gjennomføring av eit nordisk instrumentseminar. Dei eldre, tradisjonelle og særleine nordiske instrumentmakartradisjonane stod i sentrum for seminaret, som var eit samarbeid mellom NFL, Valdresmusea, Valdres folkemusikkarrangement og Eric Sahlström Instituttet. I tillegg var Nasjonalt museumsnettverk for musikk og musikkinstrument, og Ringve Musikkmuseum og Rockheim, samarbeidspartnarar. Dette var andre gong det vart halde Nordisk instrumentseminar på Fagernes, nokså nøyaktig ti år etter første gong. Seminaret samla om lag 60 instrumentmakarar, musikarar, forskarar, museumstilsette og andre interesserte, til samtalar om korleis sikra rekruttering til dei nordiske instrumentmakartradisjonane.

Hovudmålgruppa for seminaret var instrumentmakarar frå heile Norden. Den første dagen vart det halde verkstad for både unge og vaksne. Dei unge fekk prøva seg som langeleikmakarar under stødig rettleiing av langeleikmakar Oddrun Hegge og instrumentmakar ved museet Mari Ormberg. Dagen vart avslutta med to føredrag. Musikkforskar Lisbeth Ahlgren Jensen presenterte boka si «Hortense Panum – En dansk pioner» og Matti A. Hakamäki, leiar for det finske folkemusikkinstitutet (KMI), snakka om instituttet sitt arbeid med vern av immateriell kulturarv.

Sjølve instrumentseminaret gjekk frå torsdag til fredag og var delt inn i seks bolkar. Desse hadde ulike innfallsvinklar til det overordna temaet. Seminaret starta med ei statusoppdatering for instrumentmakarfaget i Norden, der publikum fekk presentert døme på rekrutteringstiltak Norden rundt. Her var òg ein samtale om rekruttering til instrumentmakarfaget med Oddrun Hegge og fiolin- og hummelbyggjar Astrid Pullar. Det neste bolken handla om instrumentmaking som levande tradisjonar og korleis desse stadig er i endring, med hardingfela, sjøfløyta, langeleiken og nøkkelharpa som døme. Den første seminardagen vart så avslutta med ein bolk om instrumentforskning og i kva grad denne kan vera til nytte for instru-

mentmakinga. Om kvelden var det middag med påfølgjande konsert. Eitt utval av seminardeltakarane bidrog her til at publikum fekk eitt breitt innblikk i dei nordiske instrumenttradisjonane og musikken knytt til desse.

Fredagen starta med ein bolk frå museumssektor, der tre museum fortalde som si formidling av musikk og musikkinstrument frå sine ulike stader. Etter lunsj fekk publikum servert tre presentasjonar frå instrumentmakarar i Noreg, Sverige og Finland. Dette gav høve til eit noko djupare innblikk i instrumentmakarfaget. Seminaret vart avslutta med ein oppsummerande samtale om rekruttering, der ikkje berre utdanningsinstitusjonar, men òg unge instrumentmakarar var i panelet.

Totalt vart det tre innhaldsrike og inspirerande dagar med gode diskusjonar! Vonleg vil det òg koma konkrete samarbeid ut av samlinga. Heile seminarprogrammet er tilgjengeleg frå Valdresmusea sine heimesider: <https://valdresmusea.no/nordisk-instrumentseminar-2023>



*Magnus Holmström og David Eriksson spelar nøkkelharpe på konserten torsdag kveld.*



*Til venstre: Bodil Diesen og Hans Olav Gorset i fagprat over Bodil sine fløyter i instrumentutstillinga. Til høyre: Bjørn Aksdal med beviset på æresmedlemskapen.*

### *Ny æresmedlem i Norsk folkemusikklag*

Under middagen torsdag kveld på det nordiske instrumentseminaret, vart Bjørn Aksdal utnemnt til æresmedlem i Norsk folkemusikklag. I grunngevinga vart mellom anna nemnt Bjørn sin store innsats for laget over ein periode på 40 år, og dei mange og viktige bidraga hans til norsk organologisk forskning. Markeringa vart gjennomført av leiar og dåverande nestleiar i laget, Jon Hjellum Brodal og Sveinung Søyland Moen, som leste opp styret si grunngeving for utnemninga og overrekte diplom og blomar. Heile styret si grunngeving kan lesast på nettsidene til laget: <https://norskfolkemusikk-lag.wordpress.com/2023/10/24/ny-aeresmedlem-i-nfl/>.

Bjørn Aksdal er den sjette æresmedleimen i laget si 75 år lange historie. Frå før er Reidar Sevåg (1923–2016), Jan-Petter Blom (1927–2021), Sven Nyhus (1932–2023), Ingrid Gjertsen og Egil Bakka utnemnde til heidersmedlemmar.

***Musical Instrument Making between Tradition and Innovation: Workshops and Lectures between Practice and Science*, 7.–10. mars 2024, WHZ – University of Applied Sciences Zwickau, Department of Musical Instrument Making, Markneukirchen, Tyskland**

Sveinung Søyland Moen og Iris Verena Barth, Ringve Musikkmuseum

Westsächsische Hochschule Zwickau (WHZ) inviterte mars 2024 til seminar om instrumentmaking. Seminaret vart halde i byen Markneukirchen, som ligg i det tyske Vogtland-distriktet – eit område som gjennom fleire hundreår har vore kjend for ein sterk instrumentmakartradisjon. Det er framleis eit område med aktive instrumentmakarar, frå enkeltpersonar til store bedrifter. Her ligg også Musikinstrumenten-Museum Markneukirchen, som er eitt av Tysklands største musikkmuseum, men òg berre er eitt av fleire musikkmuseum i dette distriktet.

Konferansen gjekk over tre dagar med innlegg frå både lokale og internasjonale forskarar og instrumentmakarar, i tillegg til studentar frå WHZ. Grunna kollisjon med ei handverksmesse i Nürnberg, vart talet lokale instrumentmakarar på konferansen likevel noko lågare enn arrangøren hadde håpa på. Innlegga hadde stor fagleg breidde med tema som berekraftige materiale som alternativ til utryddingstruga artar brukt i instrumentbygging, 3D-skanningar og akustiske målingar av instrument for å avdekka ny kunnskap om instrumenta, djupneanalyser av bruk av ulike materialtypar i spesifikke instrumentmakartradisjonar, presentasjonar av historiske instrumentmakarar og miljøa dei verka i, med meir. Heile programmet er tilgjengeleg frå WHZ sine heimesider: <https://www.fh-zwickau.de/aks/musikinstrumentenbau/studium/musikinstrumentenbau-zwischen-tradition-und-innovation/>

Innlegget til underteikna hadde tittelen «How can museums contribute to the safeguarding of instrument making traditions?». Innlegget starta med ein presentasjon av situasjonen for dei tradisjonelle norske instrumentmakartradisjonane og utfordringane desse instrumentmakarane står i. Det vart vidare presentert moglege løysingar, inkludert pågåande forsøk med etablering av faste instrumentmakarutdanningar, før hovuddelen handla om

korleis norske museum òg kan bidra i vern og vidareføring av desse tradisjonane. Her vart det først snakka om musea si rolle i lys av UNESCO-konvensjonen, som statlege institusjonar, før det vart presentert nokre døme på korleis musea jobbar i dag. Valdresmusea sin instrumentmakarverkstad vart presentert som ein mogleg veg å gå, før dei siste døma kom frå Ringve Musikkmuseum sitt arbeid med tilgjengeleggjering av museumssamlingane for instrumentmakarar, og museet sine bidrag til dokumentasjon av instrumentmakarverkstader. Sistnemnde vart eksemplifisert med eit konkret prosjekt, «Arven etter Magnar», der Ringve Musikkmuseum hausten 2023 deltok i dokumentasjon av Magnar Storbækken sin instrumentmakarverkstad, før denne vert overtatt og brukt av andre. Prosjektet vart leidd av Norsk håndverksinstitutt og er i skrivande stund planlagt vidareført med eit lursymposium seinhausten 2024.

I tillegg til deltaking på seminaret, nytta underteikna høvet til å besøka ei rekke instrumentmakarar i området. Det var alt frå ein klarinettmakar som arbeidde frå ein eittroms-verkstad i bakhagen, til store bedrifter som Warwick – kanskje særleg kjende for produksjon av elbassar. Dette var ein svært lærerik tur for oss og me kan varmt tilrå ein tur til Markneukirchen for alle med interesse for instrumentmaking, eller som berre vil oppleva ein koseleg liten aust-tysk småby.



*Musikinstrumenten-Museum Markneukirchen viser utdrag frå det historiske instrumentmakarmiljøet i utstillingane sine.*